



Notat

Dato: 01.04.2014
Arkivsak: 2014/14695-1
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tryggleik på bybanehaldeplassar- Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 23.10.13 synte representanten Gustav Bahun til at glasgjerde på Kronstad og Florida haldeplassar kan skapa trafikkfarlege situasjonar, og ba om at ein ser på tiltak som kan førebyggja ulukker.

Samferdselsavdelinga sendte oversendingsforslaget frå Gustav Bahun over til vidare handsaming i Bybanen AS i brev av 31.10.13.

Svaret frå Bybanen AS vart sendt 07.11.13, men pga ein inkurie ikkje vidaresendt før no.

Fylkesrådmannen viser til svaret frå Bybanen AS og har elles ikkje nokon merknader.

